

KOMMUNEDELPLAN

DIFFERENSIERT FORVALTNING
AV HORNINDALSVASSDRAGET

KOMMUNANE EID, STRYN OG HORNINDAL

Innhald

| | |
|--|----|
| 1. Innleiing | 3 |
| 1.1 Bakgrunn for planen..... | 3 |
| 1.2 Målsetting..... | 3 |
| 1.3 Organisering og struktur..... | 3 |
| Bemanning | 4 |
| Ansvar og roller..... | 4 |
| 1.4 Metode og grunnlagsmateriale | 4 |
| 2. Hovudprinsipp for differensiert forvaltning | 6 |
| 2.1 Fagleg grunnlag for vern av Hornindalsvassdraget | 6 |
| 2.2 Planområde for kommunedelplan for differensiert forvaltning | 7 |
| 2.3 Verdier og særtrekk..... | 7 |
| 3. Differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget..... | 11 |
| 3.1 Soneinndeling av vassdraga | 11 |
| 3.2 Forvaltningskategoriar | 12 |
| Tiltak og inngrep i vasssystemet | 13 |
| Tiltak og inngrep utanom vasssystemet | 14 |
| 3.3 Vurdering av aktuelle tiltak i Hornindalsvassdraget..... | 14 |
| Mini-, mikro- og småkraftverk | 14 |
| Hytter, bygg og anlegg | 15 |
| Masseuttak | 16 |
| Aktivitet på Hornindalsvatnet..... | 16 |
| Tilrettelegging for fiske..... | 17 |
| Erosjons- og flomsikring | 17 |
| Hornindalsvatnet som vasskilde | 17 |
| 4. Når nokon ønskjer å utføre tiltak langs og i Hornindalsvassdraget. | 18 |
| 4.1 Lover og saksgang | 18 |
| Plan- og bygningslova. | 18 |
| Vassressursslova. | 18 |
| Fleire lover, saksgang og rekkefølge..... | 18 |
| 4.2 Krav til detaljplan..... | 19 |
| 4.3 Kontaktar for dei som ønskjer å gjennomføre tiltak i eller nær vassdraga. | 19 |

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for planen

Hornindalsvassdraget vart varig verna mot kraftutbygging i verneplan I, 6.april 1973. Det vart vedteke Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag 10.november 1994. Retningslinene finst i T-1082 frå Miljøverndepartementet. Retningslinene seier at kommunar og fylkeskommunar som har verna vassdrag, skal legge retningslinene til grunn for planlegginga etter Plan- og bygningslova (PBL).

Rikspolitiske retningsliner rår til at ein i arbeidet med arealdelen i kommuneplanen differensierer forvaltninga av dei verna vassdraga ut i frå verneverdiar og arealtilstand. Middelet for å få til dette er ei soneinndeling av vassdraget, med haldningar til korleis ein skal handsame søknader om ulike typar inngrep i dei einskilde forvaltningssonene.

Hornindal kommune starta arbeidet med ein kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget med vedtak i planutvalet 07.11.02. Under oppstartmøtet, der det deltok representantar frå NVE og Fylkesmannen, vart ein oppmoda om at planområdet burde omfatte heile vassdraget sitt nedslagsfelt. NVE kontakta Stryn og Eid kommunar og dei slutta seg til planarbeidet. Med hjelp av tilskot frå NVE vart det tilsett prosjektleiar.

1.2 Målsetting

Målet med planarbeidet er å etablere eit system for samordna og heilskapeleg forvaltning av Hornindalsvassdraget uavhengig av kommunegrenser. Forvaltninga skal vere tilpassa dei lokalsamfunn og natur- og miljøverdiane ein finn langs vassdraget. Planen har som mål å gje mest muleg informasjon om verdiane i vassdraget og kva lovverk ulike typar inngrep må vurderast i forhold til. Det er viktig at landbruksnæringa får forutsigbare rammer for si verksemd slik at dei kan vidareutvikle næringa (verksemda) si. Planen har også som målsetting å vere eit grunnlag for auka utnytting av næringsverdiane i vassdraget (t.d. turisme).

1.3 Organisering og struktur

Arbeidet med kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget har vore organisert med styringsgruppe og arbeidsgruppe. Arbeidssgruppa har hatt ansvar for utarbeiding av planen, og har vore samansett av medlemmer frå dei tre kommunane i tillegg til representantar frå NVE, Fylkesmannen si landbruksavdeling(FMLA) og miljøvernavdeling(FMMA). Prosjektleiaren har hatt ansvar for den daglege framdrifta av prosjektet, medan styringsgruppa har godkjent prosjektplanen og plandokumentet, samt sytt for at berørte partar har fått medverke i planarbeidet.

Bemanning

| | |
|-------------------------------|---|
| <i>Oppdragsgiver- OG</i> | Kommunestyra i Hornindal, Stryn og Eid |
| <i>Prosjektansvarlig – PA</i> | Elin Leikanger, Eid kommune |
| <i>Styringsgruppe – SG</i> | Bjørn Lødemel, Hornindal kommune Nils Petter Støyva, Stryn kommune Trygve Espe, Eid kommune |
| <i>Prosjektleder – PL</i> | Heidi Istad, Asbjørn Tverberg |
| <i>Arbeidsgruppe</i> | PL – Odd Rønningen Ståle Hatlelid Joar Helgheim Elin Leikanger FMMA FMLA NVE |

Ansvar og roller

| | |
|-------------------------------|---|
| <i>Oppdragsgjevar – OG</i> | Gjev mandat/oppdrag. |
| <i>Prosjektansvarlig – PA</i> | Oppdragsmottakar – ansvarleg for gjennomføring av prosjektet overfor oppdragsgjevar. |
| <i>Styringsgruppe – SG</i> | Godkjenner prosjektplanen. Kontrollere framdrift og fokus. Bidra med forankring og kommunikasjon mellom prosjektorganisasjonen og lokalsamfunn. Gir råd til prosjektansvarlig på tema som vert lagt fram for dei. |
| <i>Prosjektleder – PL</i> | Operativ leier for gjennomføring av prosjektet. Rapporterer til prosjektansvarlig. Utarbeider prosjektplan og overordna kommuneplandokument Koordinerer totale ressursar i prosjektet |
| <i>Arbeidsgruppe –AG</i> | Arbeidsgruppe for utarbeiding av forvaltningsplanen |

1.4 Metode og grunnlagsmateriale

Planarbeidet har vore organisert som eit avgrensa prosjekt, og organisert som vist ovanfor. Prosjektleiaren har hatt ansvaret for den daglege framdrifta av prosjektet.

Det vart samla inn data til hjelp for planarbeidet blant deltakarane i arbeidsgruppa i tillegg til aktuell litteratur. Det har vore halde opne møte der grunneigarar og andre interesserte kunne

Differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget
Kommunedelplan

komme med innspel til planarbeidet. Oppstart av planarbeidet vart kunngjort etter reglane i plan- og bygningslova § 27 – 1.

Arbeidsgruppa har delt vassdraget inn i ulike soner, og med gode erfaringar frå tilsvarende planarbeid i Stryn kommune, er det nytta same forvaltningskategoriar som i kommunedelplan for differensiert forvaltning av Strynevassdraget, Loenvassdraget og Oldenvassdraget. Innspel om planlagde tiltak, i tillegg til andre aktuelle tiltaksgrupper, har vore vurdert av arbeidsgruppa i forhold til soneinndeling og forvaltningskategoriar.

Det høyrer også kart til kommunedelplanen. Dette er retningsgjevande for kommunane si arealforvaltning og skal innarbeidast i arealdelen til kommuneplanen. Kartet viser heile planområdet inndelt i soner alt etter menneskeleg påverknad.

2. Hovudprinsipp for differensiert forvaltning

2.1 Fagleg grunnlag for vern av Hornindalsvassdraget

Hornindalsvassdraget vart verna i Verneplan I. Der vart det lagt spesiell vekt på å sikre vassdrag med store landskaps- og friluftsverdiar, men verdien for vilt, fisk og naturvern blei og teken med i vurderinga (vedlegg 2 i RPR for verna vassdrag).

Miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har utarbeidd ein vassdragsrapport for Hornindalsvassdraget (089.z Hornindalsvassdraget 1988). Denne rapporten har konsentrert seg om fagfelte botanikk, geologi, ornitologi, ferskvassfisk og til dels friluftsliv. I DN-notat 1991 – 14 finn vi eit samandrag av Fylkesmannen sin rapport.

Verdivurdering naturvern: Samanlikna med andre liknande vassdrag er det skogsområda i Hornindal som er dei mest interessante. Den vasstilknytta floraen og fjellfloraen er av mindre verdi. Mineralforekomstane er av stor verneverdi og eit par kvartærgeologiske førekomstar blir vurdert til å vere av stor interesse. Samla verdi er sett til høg.

Verdivurdering friluftsliv: Samla verdi for friluftsliv vart sett til høg. Det vart peika på at vassdraget har stor verdi for friluftslivet i Nordfjord og til dels og for nabolikstrakta på Sunnmøre. Terrenget er variert og innbyr til turgåing både sommar og vinter. Det vert vidare vist til at Hornindalsvatnet har store uutnytt ressursar for friluftsliv, både langs stranda og i båt.

Verdivurdering vilt: Det er slått fast at vassdraget er ein viktig hekkeplass for fleire våtmarksfuglar. Skogsområda er middels rike på fugl og det finst ein god hjortebestand. Samla verdi for vilt er sett til høg.

Verdivurdering ferskvassfisk: Samla verdi for ferskvassfisk vart sett til **svært høg**. Først og fremst er det fiskebestandar og tilbod for sportsfiske og næringsfiske i Eidselva og Hornindalsvatnet som er av svært stor verdi. Men også aurebestanden i skog- og fjellvatna i sidevassdraga vert vurdert til generelt middels kvalitet.

I tillegg til Fylkesmannen sin rapport vil også registreringar i EDNA og FRIDA og rapportane om biologisk mangfald gi viktig grunnlagsdata for å vurdere verdien til Hornindalsvassdraget.

| Verdivurdering | |
|-------------------------------|-----------|
| Samla verdi for naturvern | Høg |
| Samla verdi for friluftsliv | Høg |
| Samla verdi for vilt | Høg |
| Samla verdi for ferskvassfisk | Svært høg |

2.2 Planområde for kommunedelplan for differensiert forvaltning

Hornindalsvassdraget ligg i Eid, Hornindal og Stryn kommunar i Sogn og Fjordane. Nedbørsfeltet er på 427 km². Hornindalsvassdraget ligg på nordsida av Nordfjorden og går parallelt med fjorden austover. Frå Nordfjordeid i vest strekkjer det seg austover på begge sider av Hornindalsvatnet og vidare oppover Hornindalen til fylkesgrensa mot Møre og Romsdal. I nord og aust er vassdragsgrensa til dels den same som fylkesgrensa. I sør fell vassdragsgrensa for ein stor del saman med kommunegrensene mot Stryn.

I verneplanane for vassdraga er det slege fast at heile nedbørsfeltet til dei verna vassdraga er verna mot kraftutbygging.

Virkeområdet til retningslinane i Rikspolitiske reglar for verna vassdrag (RPR) som stortingsvedtaket omfatta er:

- vassdragsbeltet, det vil seie hovudelvar, sideelvar, større bekker, sjøar og tjern og eit område på inntil 100 meters breidd langs sidene av desse.
- Andre delar av nedbørsfeltet som det er fagleg dokumentert har innverknad på verneverdien til vassdraget.

Fordi vi i liten grad kjenner område utanfor 100 metersbeltet med fagleg innverknad på verneverdien, og fordi det kartteknisk synest å vera den beste løysinga, finn vi det riktig å nytte som planområde alle areal opp til 700 meter over havet, som stort sett er grense for det meste av samfunnsaktivitetane. Plankartet viser heile nedbørsfeltet til dei tre vassdraga, men praktiseringa av regelverket må sjølvsagt samsvare med virkeområdet til RPR slik det er skissert i dei to punkta over.

2.3 Verdier og særtrekk

Vassdraga er viktige element i norsk natur. Ingen andre nasjonar i Europa kan vise til liknande variasjon i vassdragsnaturen. Desse særdraga kjenneteiknar Hornindalsvassdraget:

- Hornindalsvatnet, Nord-Europas djupaste innsjø på 514 m. Ein fjordsjø, som tek i mot alt vatnet ovanfor Eidselva.
- Eidselva, med utløp i Eidsfjorden, er ei rolig meanderande elv. Populær lakseelv.
- Storeelva, hovudelva i Hornindal med utløp i Hornindalsvatnet, har relativt jamt fall og berre eit fåtal fossar, den vekslar mest mellom rolege parti og striare stryk.
- Dei største sideelvane kjem frå sidedalar, der gardane i hovuddalføret tidlegare sætra.
- Det er både rolege sideelvar med lite fall og meir strie sideelvar med stort fall.
- Mange av elvane har utspring i fjellvatn øvst i sidedalane.
- Bjørkeskoglier, myrar og snaufjell pregar nedbørsfeltet.
- Landskapet er forma av is og vatn. Det vil seie mest runde fjell og U-dalar med bre- og elveavsetningar (morene og elveterrassar). I nordre delar av hovuddalføret finn ein også bresjøavsetningar. Frå utløpet av Hornindalsvassdraget i Eidsdalen

er store område dekkja av breelvaavsetningar.

- Nokre fjell nordaust i nedbørsfeltet har alpint preg med bratte og spisse tindar (sørlegaste del av Sunnmørsalpane).
- Tiltærma innlandsklima i delar av nedbørsfeltet.
- Mange kulturminne og kulturlandskap ligg godt bevarte.

Samla har vi eit kontrastrikt landskap som innbyr til friluftaktivitetar. Om vinteren er her gode forhold for skiaktivitetar, medan sommaren gjev mulegheit til fotturar, fritidsfiske, bading mv.

Storeelva er førebygd og delvis lagt om/retta ut i området sør om Lønnsøyane (v/Løddøen). Elva innover dalen er i varierende grad påverka av jordbruket i bygda. I mange områder ligg elvestrengen nesten heilt urørt, medan han andre stader er prega av jordbruksaktivitet. Nokre strekningar av elva ligg i gjel, dette har til ein viss grad skjerma den frå jordbrukspåverknad og anna menneskeleg påverknad.

Det kan vere store variasjonar i vassføringa innanfor korte tidsrom, i tillegg til dei variasjonane som følgjer med årstidene. Når elva er stor fører den med seg mykje lausmassar, noko som gjer til at botnforhold og elvestrengen stadig er i endring i delar av elva. Massane som kjem i elva stammar truleg i hovudsak frå områda lengst opp i Storeelva og frå nedre delar av Hornløla.

Dei fleste stader finn vi vegetasjonsbelte mellom elva og dyrka mark. Breidda på dette beltet varierer. År om anna har det vorte rydda sti langs elva. Det er også rydda tilkomst frå stien ned til gode fiskeplassar. Det er såleis lagt noko til rette for fiske i elva. Særleg strekninga frå Hornindalsvatnet og opp til Brattejølet er populær blant sportsfiskarar. Her fører også elva sjøaure og noko (oppdretts-) laks, noko den ikkje gjer lenger opp (ovafør Brattejølsfossen).

I Brattejølet står enno turbinane til ein av dei fyrste kraftstasjonane i Indre Nordfjord. Kraftstasjonen i Brattejølet stod ferdig i 1913 og var i drift fram til 1955. Inntaksdammen til stasjonen er også intakt og ligg like aust om Storebrua (v/Tomasgard/Gausemel). I området frå Brattejølet til Raudemel Industriområde finn vi også ei heil rekke andre objekt knytt til utnytting av elvevatnet. Vi kan nemne kvernhus, stavsag, mølle og vassrenner. Elveleia og elvelandet ovafor jordbruksområda er stort sett godt bevart og for det meste utan større tekniske inngrep. Derimot er vatnet frå delar av nedbørsfeltet (19,3 km²) ført nordover gjennom eit såkalla takrenneprosjekt. På grunn av dette er vassføringa i Hjortedøla og Hornløla mykje lågare enn den elles ville ha vore. Utanom inntakshola for takrennene kan vi også nemne at det ved utløpet av Buvatnet (nord for Hornindalssetra) er sett opp ein betongdam for å heve vasstanden i vatnet. Vi kan også nemne at det i Grendadalen er etablert lysløype/skianlegg inntil Hjortedøla.

I samband med takrenneprosjektet har det også vorte bygt anleggsvegar i både Grendadalen (med Litledalen og Hjortedalen) og Sæterdalen. Det er også vorte ført fram veg til Strynesætra i Knutsdalen.

Sindreelva er lagt om og førebygd (sør-) aust om Øybakken i samband med opparbeiding av ny riksvegtrase. I tillegg har vasstanden i det same området vorte senka gjennom sprenging av ein terskel i elva ved Øybakken.

I den delen av Hornindalsvassdraget som ligg i Stryn kommune, er det gjennomført kraftutbygging (Dalane Kraftverk) gjennom regulering av Svingesetvatnet.

På sørsida av Hornindalsvatnet finn vi typisk fjordlandskap med bratte fjellsider ned til vatnet prega av rasmark etter snø-, mold- og steinskred. RV 15 ligg langs med vatnet, og fleire tunnelar har gjort den skredutsette vegen tryggare. Elvane ligg tett langs heile sida. Dei største elvane er Maragjølelva, som renn frå vatna ovafor. Skredeelva renn med fossefall. Såta og Holmøyelva kjem frå Glittereggbréen. Lengst aust i Eid kommune renn Vikaelva. I elvar har det vore privat kraftverk sidan 1947.

I Holmøyane flatar terrenget ut og vi finn furukledde holmar og lier som strekker seg innover mot Markane. Markane er eit mykje brukt friluftsområde. Her er både langrenns- og skiskyttaranlegg.

Nordsida av Hornindalsvatnet er også prega av bratte fjellsider ned til vatnet. Mot nord finn ein meir kvasse og taggete fjell enn i andre delar av kommunen. Her er likevel område med landbruksverksemd der det er dyrka heilt ned til vatnet, kor ein finn dei største flatene. Ved Navelsaker deler fleire elvar og grover opp rasmark og bratte lisider. Vi finn også hyllegardane Furefjerdingen på nordsida av Hornindalsvatnet. Kring Heggjadalsvatnet er det hytter og eit mykje brukt friluftsområde. Melheimselva har utløp i Hornindalsvatnet. Elva er førebygd fleire stader.

Melheimselva har utløp frå Sætrevatnet i Heggjadalen. I 1933 vart det bygt kraftverk på gardsbruket til Ivar A. Melheim (då Iver O. Melheim). Kraftverket er framleis i drift. Totalt nedslagsfelt med sidevassdrag er ca. 27,4 km². Elva kan kjøve opp i kuldebolkar, og i tørre periodar kan vassføringa vere lita. Det er bygd inntaksdam i elva. Nytt aggregat på ca. 14 kW er i 2003/04 installert i det eksisterande maskinrommet

Eidselva renn frå Hornindalsvatnet (52 moh.) og munnar ut i sjøen ved Nordfjordeid. Elva er om lag 12 km lang og med ei gjennomsnittleg breidde på ca. 25 m blir det totale elvearealet ca 300.000m². Elva renn i store slyng med fine stryk og hølar, og er veileigna for gyting og oppvekst. Spesielt i utløpet av Hornindalsvatnet er det viktige gyteområde både for laks og aure. Både frå nord og sør renn større og mindre elvar saman med Eidselva; t.d. Hjelleelva og Leivdøla. Område på begge sider av Eidselva er påverka av jordbruksverksemd. På Stokkenes på nordsida av elva er det etablert golfbane. Fleire stader i Eidselva er det tilrettelagt for fiske, med ulike tiltak i elva og langs elvebredden. Eidselva er også førebygd fleire stader.

I 1915 vart det første kommunale elektrisitetsverket i Eid kommune etablert. Valet fall på Kviafossen i Eidselva, og grunngevinga var at der var jamnare vassføring enn i noko anna fossefall i kommunen all den tid ein hadde det store Hornindalsvatnet å ta av. Kraftverket var i drift fram til 1968. I dag er det lite eller ingen verdi att i maskiner og bygningar. Dammen er likevel intakt., og det har ved fleire høve vore teke til orde for å få starta opp att kraftproduksjonen her. Seinast i 1992 gjennomførte Eid Energiverk ei utgreiing for å få sett på i kva grad det var mogleg å få bygt verket opp igjen. Det har også i si tid vore interesse for å byggje opp eit museum av den gamle stasjonen.

Differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget
Kommunedelplan

3. Differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget

3.1 Soneinndeling av vassdraga

Dei tre vassdraga er delt inn i soner for å kunne oppnå lik forvaltningsstrategi for tilnærma like areal. soneinndelinga skal seie kor mykje menneskeleg påverknad som er i landskapet. Plankartet syner soneinndelinga i grove trekk, og er meint som eit visuelt hjelpemiddel. Det er såleis den reelle arealtilstanden på kvart einskild område som vert lagt til grunn for vurderingane under sakshandsaminga:

Sone I Område med høg grad av menneskeleg påverknad.

Områda ligg i og nær tettstader. Areala er påverka av mange slag inngrep og tiltak. Verneverdiane er mest knytt til restområde av våtmarkar i elveutløpa, elva som landskapselement, friluftslivområda i strandsone til elva, og kulturminne i form av gamle bygningar, gravhaugar og gravrøyser.

Det skal leggast særleg vekt på at inngrep og tiltak ikkje skadar opplevinga av vassdraget, kulturminne langs elva og tilhøva for å koma til elva og drive friluftsliv.

Sone II Område med middels grad av menneskeleg påverknad.

Område med aktivt landbruk og spreidd busetnad. Arealet er i varierende grad påverka av inngrep. Verneverdiane er knytt til det overordna landskapsrommet, mange vakre kulturlandskap, område med aktivt friluftsliv, spesielle naturverdiar som overvintringsområde for vassfugl og mange typer kulturminne, frå steinalderen fram til byrjinga av 1900-talet.

Det skal særleg leggast vekt på å ta vare på friluftsområda og verneverdige og viktige naturforekomstar, kulturlandskap, kulturminne og fiskeressursar. Ein skal unngå plassering av hus og hytter nær inntil vassdraget/mellom vassdraget og hovudveg.

Sone III Område med liten grad av menneskeleg påverknad.

Område med relativt urørt natur. Her finn ein viktige beiteområde og aktivt nytta stølsområde. Enkelte fritidsbygg.

Det er store verneverdiar knytt til nedbørsfeltet som system, og verneinteresser knytt til fleire fagområde.

Det urørte ved desse områda må takast vare på og tiltak og inngrep må ikkje skade påviste verneverdiar eller naturbruksverdiar.

3.2 Forvaltningskategoriar

Ordet “forvaltningskategori” i denne samanhengen er ein talsett verdi som indirekte fortel kor stor konflikt eit inngrep eller tiltak vil utgjera i høve til verneverdiane i vassdraget. Forvaltningskategoriane er retningsliner for ein individuell og skjønsmessig vurdering av inngrepa og tiltaka. Kategoriane er talsett frå 1 til 4, der aukande tal gjev aukande konfliktgrad, og difor krev grundigare vurdering av dei ulike interesser som inngrepet kan ha verknad på. Eventuelle ulemper av inngrepet vert vurdert i høve til nytteverdien av inngrepet.

Dei fire kategoriane er som følgjer:

| | |
|----------|--|
| 1 | Tiltak eller inngrep som normalt kan gjennomførast |
| 2 | Tiltak eller inngrep som normalt ikkje er i konflikt med vernegrunnlaget, men der søknaden må vurderast opp mot verneverdiane |
| 3 | Tiltak eller inngrep som normalt vil vere i konflikt med vernegrunnlaget, og der omfang , detaljering og utforming av inngrepet avgjer om tiltaket kan utførast |
| 4 | Tiltak eller inngrep som er i konflikt med vernegrunnlaget og normalt ikkje kan utførast |

Dei aktuelle lovverk som søknadene om tiltak må vurderast i høve til er:

| | |
|--|-------|
| Plan- og bygningslova av 14.juni 1985 nr 77 | (PBL) |
| Lov om vassdrag og grunnvann 24.nov. 2000 | (VRL) |
| Jordlova av 12. mai 1995. | (JL) |
| Lov om naturvern av 19.juni 1970 nr 63. | (NL) |
| Lov om vern mot forurensinger og om avfall av 13.mars 1981 nr.6 | (FL) |
| Skogbrukslova 21.mai 1965. | (SL) |
| Lov om laks- og innlandsfisk m.v. av 15.mai 1992 nr 47 | (LIL) |
| Lov om kulturminne 09. juni 1978 nr.50 | (KL) |
| Lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag 10.juni 1977 nr. 82 | (ML) |
| Energilova 29. juni 1990 nr. 50 | (EL) |

Dei mest aktuelle typar tiltak og inngrep er lista opp, og det er skilt mellom tiltak i vassystemet og utanom vassystemet. Vassystemet definerer vi her som arealet opp til høgaste ti års flaumvassstand, og ein tek med bekker som normalt har vassføring og ikkje går tørre i sommarhalvåret.

Tiltak og inngrep i vasssystemet

| Type inngrep/tiltak | Formål | Vassdragssoner | | | Krav om godkjenning | Avgjerdsmynde |
|---|---|----------------|---------|--------|---------------------|-----------------------------|
| | | Sone 1 | Sone 2. | Sone 3 | | |
| Veganlegg/-bru | Landbruksveg | 2 | 2 | 3 | SL, PBL | Kommunen |
| Veganlegg/-bru | Vegtrafikk, off.bilveg etter pbl. | 2 | 2 | 4 | PBL, VRL | Kommunen og Vegvesenet |
| Masseuttak i vasssystemet til eige husbehov inntil 25m ³ | Produksjon av sand og grus | 1 | 1 | 3 | PBL | Kommunen (melding) |
| Masseuttak for sal | | 2 | 2 | 4 | LIL og JL | NVE via kommunen |
| Utfylling i vasssystemet | Deponering av masse | 4 | 4 | 4 | PBL, LIL, VRL | NVE via kommunen |
| Vassuttak; jordvatning, | | | 2 | 3 | | Kommunen |
| drikkevassforsyning og drikkevatt for industriproduksjon | Drikkevassforsyning, drikkevatt for kommersiell utnytting | 2 | 2 | 3 | | Kommunen |
| Forbygging/strandkledding Flaumvern | Unngå erosjon, elvebrot og flaumskadar | 2 | 2 | 3 | PBL, LIL, VRL | NVE via kommunen |
| Kanalisering | Innvinning av areal | 3 | 3 | 4 | VRL | NVE |
| Kraftleidningar og andre tekniske installasjonar | Straumtransport, kommunikasjon m.m. | 2 | 2 | 4 | PBL, EL | Kommunen, etter melding NVE |
| Kabelinstallasjonar i vasssystemet | Varmeveksling, kommunikasjon m.m. | 2 | 2 | 4 | | |
| Bekkelukking | Effektivisere jordbruket, redusert erosjon | 3 | 3 | 4 | | |
| Fiskeoppdrett | Produksjon av setjefisk og matfisk | 3 | 3 | 4 | | Fdir |
| Forureining -utslepp frå avløpsreinseanlegg | Vassdraget som reseipient | 2 | 3 | 4 | FL | Kommunen og evt. FM |
| Anna forureining | Vassdraget som reseipient | 4 | 4 | 4 | FL | Kommunen og evt. FM |
| | | | | | | |
| Fiskekultiveringstiltak | Auke/betre fiskebestand | 2 | 2 | 3 | | |
| Brygge/molo | Auke tilgjenge til vassdraget | 2 | 2 | 4 | PBL og VRL | Kommunen + NVE |
| Båtspport/vassport m/motor | Utøve vassport | 2 | 3 | 4 | ML | kommunen |
| Naust | Oppbevaring av båt og reiskap for fiske | 2 | 2 | 3 | PBL | Kommunen |
| Småskala vasskraftutbygging med effekt opp til 1000kW | Auke/sikre energiproduksjon til eige bruk | | 3 | 4 | VRL, PBL | NVE via FM og kommunen |
| Snauing av kantskog | | 4 | 4 | 4 | PBL + VRL | NVE via kommunen |

Tiltak og inngrep utanom vassystemet

| Type inngrep/tiltak | Formål | Vassdragssoner | | | Krav om godkjenning | Avgjerdsmynde |
|--|-------------------------------|----------------|---------|--------|---------------------|----------------------------|
| | | Sone 1 | Sone 2. | Sone 3 | | |
| Veganlegg/-bru | Landbruksveg | 2 | 2 | 4 | SL, PBL | Kommunen |
| Veganlegg/-bru | Vegtrafikk, bilveg etter pbl. | 2 | 2 | 4 | PBL, VRL | Kommunen og Vegvesenet |
| Råstoffutvinning utanom vassystemet til eige husbruk inntil 25m ³ | Produksjon av sand og grus | 1 | 1 | 3 | PBL | Kommunen (melding) |
| Råstoffutvinning for sal | | 2 | 2 | 4 | LIL og JL | NVE via kommunen |
| Bygg og anlegg | Bustader, industri | 1 | 2 | 4 | PBL, JL, KL | Kommunen |
| Hytter | | 1 | 2 | 3 | PBL,JL,KL | Kommunen |
| Kraftleidningar og andre tekniske installasjonar i luft | | 2 | 3 | 4 | PBL, EL | Kommunen etter melding NVE |
| Bakkeplanering | Effektivisere jordbruket | | 2 | 4 | JL, KL | Kommunen og NVE |
| Oppdyrking | Matproduksjon, beite | | 2 | 4 | JL, KL | Kommunen |
| Snauing av kantskog | | 4 | 4 | 4 | SL og JL | Kommunen |
| Flatehogst og treslagskifte | | | | 1 | | |

3.3 Vurdering av aktuelle tiltak i Hornindalsvassdraget

I samband med planarbeidet har det kome mange innspel om planlagde tiltak. Vi har gruppert innspela i tema som vert vurdert i forhold til Soneinndeling og verneverdi. Det er ikkje gått nærare inn på kvart einskild innspel. Arbeidsgruppa har også vurdert tiltakstypar på eige initiativ ut i frå problemstillingar ein ofte må ta stilling til.

Mini-, mikro- og småkraftverk

Verneplanen er i første rekke ein verneplan mot kraftutbygging. I den seinare tida har det blitt svært aktuelt med mini- og mikrokraftverk, og mange av innspela til planarbeidet omhandlar nettopp dette.

I verna vassdrag er det i utgangspunktet ikkje tillete å gi konsesjon til verken små eller store kraftutbyggingar. I vurderinga av om eit planlagt kraftverk løyser ut konsesjonsplikt, er det

tiltaket sine verknader på dei allmenne interessene i vassdraget som er avgjerande. Det skal takast spesielt omsyn til verneinteressene i vurderinga av konsesjonsplikt. Små kraftverk som medfører små verknader i dei verna vassdraga vil ikkje løyse ut konsesjonsplikt og vil dermed vere tillete. NVE har i si innstilling til suppleringsplan for Verneplanen for vassdrag foreslått å opne for konsesjonsbehandling av mikro- og minikraftverk i verna vassdrag. Dersom verneverdien ikkje vert redusert på grunn av tiltaket kan det vurderast å gi konsesjon for mikro- og minikraftverk. Kraftverktutbyggingar mellom 1 og 10 MW, som ikkje løysar ut krav om konsekvensutgreiing vert det stilt krav om enkel fagleg biologisk undersøking. Det er utarbeidd rettleiar for "Dokumentasjon av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk (1-10 MW).

Ved vurdering av om etablering av mikro- og minikraftverk kan vere muleg i Hornindalsvassdraget har vi tatt utgangspunkt i vernegrunnlaget og dagens arealbruk. Vi ønskjer å bevare dei urørte områda mest muleg og vil ikkje tillate mikro- og minikraftverk her. Også i dei meir påverka landbruksområda som er definert som Sone 2 kan mikro-/minikraftverk vere i strid med vernegrunnlaget. Men dersom ein kan dokumentere minimale skadeverknader for vernegrunnlaget kan det etter grundig vurdering bli gitt løyve til mikro-/minikraftverk.

Hytter, bygg og anlegg

Det har komme mange innspel om hyttebygging, og det er klart at ulike byggetiltak i form av hytter, bustader, naust og andre typar bygg er tiltakstypar som er veldig aktuelle. Det er arealdelen til kommuneplanen, reguleringsplaner og utbyggingsplaner som er avgjerande for kor ein kan få løyve til ulike byggetiltak. Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget skal innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel.

I Sone 1 område, som utgjer sentrumsområda Nordfjordeid og Grodås, vil byggetiltak normalt kunne gjennomførast utan at det er i konflikt med vernegrunnlaget. Verneverdiane er mest knytt til restområde av våtmarkar i elveutløpa, elva som landskapselement, friluftslivområda i strandsone til elva, og kulturminne i form av gamle bygningar, gravhaugar og gravrøyser. Det er viktig at det ikkje vert sett i gong byggetiltak som vil vere til skade for verneverdien. Det meste av Sone 1 område er omfatta av reguleringsplanar. Kommunane bør sjå til at område med stor verneverdi vert sikra gjennom regulerings- og utbyggingsplanar.

Område med aktivt landbruk og spreidd busetnad som er definert som Sone 2, er mest aktuelle for ulike byggetiltak. I desse områda er det særleg viktig å ta vare på friluftsområda og verneverdige og viktige naturførekomstar, kulturlandskap, kulturminne og fiskeressursar. Ein bør unngå plassering av hus og hytter nær inntil vassdraget og mellom vassdraget og hovudveg. Dersom ein tek omsyn til verneverdiane vil det vere fullt muleg å tillate bygging av både hytter, hus, naust m.m. i slike område.

Mange ønskjer å bygge hytte og særleg er setredalane til Hornindalsvassdraget ettertrakta. Ikkje alle område er like eigna til hyttebygging og det er område kor hyttebygging klart vil vere negativt for vernegrunnlaget. Hornindal kommune har vedteke Seterdalsanalysen som retningsgivande for hyttebygging. Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget vil også vere retningsgjevande for hyttebygginga i kommunen.

I område med liten grad av menneskeleg påverknad er det viktig å ta vare på dei urørte områda. Det er stort sett hytter og andre fritidsbygg som kan vere aktuelle i slike område. Normalt vil slike tiltak vere i konflikt med vernegrunnlaget, men etter nøye vurdering kan hytter og naust plasserast i slike område, så sant tiltaket (gjeld også bruken av bygget) ikkje kjem i konflikt med vernegrunnlaget.

Masseuttak

Uttak av masse i verna vassdrag kan ha ulike formål, både til eige husbruk og til vidareforedling og sal. Små uttak til eige husbruk vil naturleg nok ha mindre omfang og skadeverknader på verneverdiane i vassdraget.

I følge plan- og bygningslova kan grunneigar ta ut masse til eige husbruk - frå eigen grunn og vassdrag. Lova seier ikkje noko om uttaksmengd – utover at uttaket skal vere av ”*beskjeden størrelse*”. I plandokumentet er dette utdjupa nærmare, og det er sett ei grense på maks 25 m³ pr. år. Slikt masseuttak kan normalt skje både i Sone 1 og Sone 2-område - utan at det kjem i konflikt med vernegrunnlaget, men grunneigar skal på førehand gje melding til kommunen om uttaket. I urørte Sone 3 område vil slike tiltak kunne skade verneverdiane, og her er det konfliktgrad, omfang, utforming og detaljering av tiltaket som er avgjerande for om tiltaket kan gjennomførast – eller ikkje.

Større masseuttak (> 25m³) kan få fleire uheldige konsekvensar for verneverdiane i vassdraget, spesielt når uttaket skjer i vassystemet. Difor vil tiltak i dei urørte områda som er i konflikt med vernegrunnlaget, normalt ikkje kunne utførast. I dei utbygde områda vil masseuttak derimot kunne skje, dersom tiltaket ikkje kjem i konflikt med vernegrunnlaget, og det elles skjer i samsvar med vedtekne planar og/ eller løyve.

Aktivitet på Hornindalsvatnet

Hornindalsvatnet har eit stort unytta potensiale for meir aktivitet, det vere seg båtsportaktivitetar, friluftsliv og fiske eller som turistoppleving. Arbeidsgruppa ønskjer å peike på at det er rom for meir aktivitet på Hornindalsvatnet. Tradisjonelt blir vatnet brukt til fiske, rekreasjon og litt turisme. Hornindalsvatnet er stort og bør kunne romme mykje meir aktivitet enn det vi ser i dag. Det er likevel viktig å ta omsyn til viktige gyteområde, og hekkeområde for ulike fugleartar.

Ved tettstadane vil utøving av ulike typar vassaktivitetar normalt ikkje vere i konflikt med vernegrunnlaget. Ved elveosane og ved holmane/ øyene i Hornindalsvatnet finn ein ofte verdfullt dyre- og planteliv og andre verneverdiar, som aktiviteten må vurderast opp mot.

I Sone 2 og 3 område vil mange vassaktivitetar vere i konflikt med vernegrunnlaget. I Sone 2 områda kan ein alt etter omfang vurdere om aktiviteten/tiltaket kan utførast.

I dei urørte områda vil båtsportaktivitetar normalt ikkje kunne utførast. Her er det friluftsliv og naturopplevingar som dominerar aktiviteten.

Tilrettelegging for fiske

Ferskvassfiske har svært stor opplevingsverdi i Hornindalsvassdraget, og det kan vere aktuelt å utføre tiltak for å auke fiskebestanden i sidevassdraga til Hornindalsvatnet. Også betre tilrettelegging for fiske i heile vassdraget, vil gje fleire mulegheit til å del i eit aktivt friluftsliv, med vekt på fiske.

I tettstadane og i område med aktivt landbruk og spreidd busetnad, vil slike tiltak normalt sett ikkje vere i konflikt med vernegrunnlaget. Det er likevel viktig med grundig vurdering slik at verneverdiane ikkje vert forringa. Dette gjeld òg i høve til den unike ørret- og røyebestanden i Hornindalsvatnet.

I meir urørte område - definert som Sone 3 område, vil slike tiltak normalt sett vere i konflikt med vernegrunnlaget. Tiltak kan likevel utførast dersom omfang, detaljering og utforming av tiltaket viser at verneverdiane og det biologiske mangfald i liten grad vert berørt.

Erosjons- og flomsikring

Fleire stader i vassdraget kan det vere behov for ulike erosjons- og flomsikringstiltak. Spesielt gjeld dette dei delane av vassdraget som er påverka av overføringa av vatn til Tussa- anlegget. Behov for erosjons- og flomsikring skal alltid meldast til kommunen. NVE kan bistå med utføring av sikringstiltak.

I dei tettbygde og spreiddbygde landbruksområda vil slike sikringstiltak normalt ikkje vere i konflikt med vernegrunnlaget. Det er likevel viktig å ta omsyn til verneverdiane ved planlegging av tiltaket.

I Sone 3 områda vil sikringstiltak normalt sett vere i konflikt med vernegrunnlaget. Ein må foreta ei grundig vurdering av behovet for tiltaket og konsekvensar for verneverdiane i området.

Hornindalsvatnet som vasskilde

Hornindalsvatnet har kvalitetar som gjer det aktuelt som framtidig drikkevasskjelde. Fleire små sideelvar og vatn er allereie i bruk til vassforsyning. Større vassforsyningsanlegg vil ofte medføre store tekniske inngrep i vassdraget med bygging av inntaksdam og eventuell regulering av magasin. Slike tiltak vil normalt vere i konflikt med vernegrunnlaget i alle delar av vassdraget. Etter grundige vurderingar av nytten av anlegget, samt at omfang, detaljering og utforming av anlegget viser at verneverdiane i liten grad vert skadelidande, kan tiltaket utførast.

4. Når nokon ønskjer å utføre tiltak langs og i Hornindalsvassdraget.

4.1 Lover og saksgang

Plan- og bygningslova.

Plan- og byggjesaker, som skal handsamast etter *Plan- og bygningslova*, vert ofte starta opp med ein såkalla førehandskonferanse. Den som ønskjer å utføre tiltak langs eller i vassdraget må difor i fyrste omgang ta kontakt med kommunen. Her vil det bli gitt informasjon om vedtekne planar, evt. krav til søknad, o.a. rettleiing og råd. Planen for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget vil i denne samanheng vere eit godt grunnlag for informasjon om aktuelle særlover for tiltak i og langs vassdrag, og kva instansar og personar som kan kontaktast om slike saker.

Vassressurslova.

Meldingar/søknader om småskala kraftutbygging skal sendast NVE, regionkontoret på standard søknadsskjema. Desse skjema er å få hjå NVE i Førde. I varig verna vassdrag blir det ikkje gitt konsesjon for framtidig kraftutbygging dersom tiltaket er så stort at det må handsamast etter vassdragsreguleringslova. Derimot vil tiltak som ikkje treng konsesjon etter denne lova bli handsama etter reglane i vassdragslova.

NVE innhentar uttale frå fylkesmannen og eventuelt den berørte kommune. Dersom konklusjonen er at utbyggingsprosjektet i vesentleg grad berører almenne interesser (som er del av vernegrnlaget), og det vert stilt konsesjonskrav, returnerer NVE søknaden til utbygger – for vurdering av eit meir moderat inngrep.

For småskala kraftutbygging i verna vassdrag vert det normalt stilt krav om eit maksimalt inntak av vatn i høve til normal vassføring. Dette maksimale inntaket er normalt ganske lågt.

Fleire lover, saksgang og rekkefølge.

I utgangspunktet skal alle planlagde tiltak eller inngrep meldast til kommunen. Kommunen vurderer om tiltaket er søknadspliktig og gjer greie for vidare saksgang. Planstatus for området i kommuneplan eller reguleringsplan/utbyggingsplan må avklarast på eit tidleg stadium med kommunen

Den generelle framgangsmåten for å få utført eit tiltak/inngrep kan framstillast slik:

1. Kontakt med kommunen i form av førehandsdrøfting av saka. Søkar får informasjon om mellom anna kommunedelplan for differensiert forvaltning.

2. Melding eller søknad skal sendast til kommunen. Innan 2 veker gjev kommunen attendemelding i tilfelle det er manglar ved melding eller søknad og gjer greie for vidare saks- gang.
3. Ut frå tiltakstype eller omfang vert saka avgjort enten av kommunen eller send vidare til NVE, fylkesmannen og/eller fylkeskommunen. Handsaming av saka skal skje så raskt som mogleg utan ugrunna opphald.

For saker som skal handsamast etter fleire lovverk, eventuelt med fleire ”godkjenningsmynde”, har miljøverndepartementet gjeve tilrådingar om rekkefølge i sakshandsaminga. Som eksempel skal saker som både skal handsamast etter Jordlova og Plan- og bygningslova, handsamast igjennom ei førehandsvurdering etter Plan- og bygningslova – det overordna planlovverket på kommunalt nivå. Dersom tiltaket ikkje er i strid med kommuneplan eller andre overordna plansystem, vert saka å handsame etter jordlova, før den til slutt vert handsama etter Plan- og bygningslova. På denne måten unngår ein ”unødvendig” handsaming etter jordlova dersom saka likevel vert å avslå etter Plan- og bygningslova.

4.2 Krav til detaljplan.

Dersom det omsøkte tiltaket er i samsvar med kommuneplanen, og kommuneplanen stiller krav om detaljplan (reguleringsplan eller utbyggingsplan) må slik plan utarbeidast før tiltaket kan godkjennast. Dette gjeld helst for større inngrep som opparbeiding av bustadfelt, campingplass, industribygg, store massetak m.v.

Krav om detaljplan kan også verta reist av kommunen eller statlege/fylkeskommunale mynde dersom tiltaket er i strid med kommuneplanen og/eller det vert søkt om dispensasjon frå kommuneplanen.

4.3 Kontaktar for dei som ønskjer å gjennomføre tiltak i eller nær vassdraga.

I STRYN KOMMUNE:

| | |
|--------------------------|--|
| Sentraladministrasjonen: | Plankonsulent, rådmann eller miljøvernleiar, tlf 578 74700 |
| Landbrukskontoret: | Jordbrukssjef eller skogbrukssjef, 578 74740 |
| Teknisk etat: | Teknisk sjef., tlf 578 74820 |
| Adresser: | 6783 Stryn |

I EID KOMMUNE:

| | |
|--------------------------------|-----------------------------------|
| Plan-og forvaltningsavdelinga: | Forvaltningssjefen, tlf: 57885860 |
| Adresse: | Postboks 98, 6771 Nordfjordeid |

Differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget
Kommunedelplan

I HORNINDAL KOMMUNE:

Utviklingsetaten: Landbrukssjef, skogbrukssjef, planleggar, utviklingssjef
Adresse: Kommunehuset Smia, Postboks 24, 6761 Hornindal

I FYLKESKOMMUNEN:

Regionalstaben: tlf 576 56100
Kulturseksjonen: tlf 578 25000
Adresse regionalstaben: 6863 Leikanger
Adresse kulturseksjonen: 6800 Førde

HJÅ FYLKESMANNEN:

Miljøvernavdelinga: Planansvarleg. tlf 57655000
Landbruksavdelinga: tlf 57723200
Adresse miljøvernavdelinga: 6863 Leikanger
Adresse landbruksavdelinga: 6800 Førde

I NVE, REGION VEST:

Tlf: 578 21244
Adresse: Fjellvn 9, 6800 Førde